

# Folkemøte kommuneplanen sin arealdel

## Referat

<b>Møtedato:</b>	<b>15.02.2023</b>	<b>Møtestad:</b>	Vassenden, Gjesthalla
<b>Til stades:</b>	<b>Ca. 90</b>		

<b>Møteleiar:</b>	<b>Kommunedirektør Terje Heggheim</b>
-------------------	---------------------------------------

KPA= Kommuneplanen sin arealdel  
TH= Terje Heggheim  
OHS= Odd Harry Strømsli

### **Velkomen ved ordførar Jenny Følling**

Dette er det 7. folkemøte med stort frammøte. Vassenden er husflidsbygda. Aktivt nærmiljøråd. Bra for Vassenden, men også oss andre. Opna flott gapahuk. Ikkje mange bygder som har Golfklubb og skisenter. Framtida til Vassenden, kor skal det vere bustad. Viktig med ein felles plan for heile kommunen. Innspel som de ønskjer å få med. Siste tog går ikkje no. Kontinuerleg prosess og ei rullering so snart eit nytt kommunestyre er på plass.

Terje Heggheim lærerikt og kjekt å møte folk i grender og bygder.

### **Vassenden 2025. Nærmiljørådet v. Jostein Kjøsnes**

Saman med administrasjon og det politiske miljø skal vi utvikle Vassenden til ein attraktiv bydel, samstundes som vi tek vare på Vassenden`s identitet og særpreg. Vassenden har mange gode aktivitets tilbod, men vi manglar bu tilbod. Det meste av det vi jobba med retta mot born og ungdom og då indirekte mot barnefamiliar og skal gje «bu- og blilyst. Vi veit at trivsel og gode oppvekstvilkår skaper grunnlaget for at unge vil til bygda. □

Nærmar seg ei pumptrackbane.

Identiteten vatnet og elva. Produserer el kraft nok til alle bustader i gamle Sogn og Fjordane. Dette samstundes som ein har klart å ivareta og forvalte den spesielle Jølstra auren som er eit varemerke. Etablere nye elveparken. Ei analyse og vurdering av ulike tiltak frå og med Vassendenbukta og vestover til terskelen ved Kvamsfossen. Tiltak som ville binde saman Vassenden Sentrum, Hjellbrekke, Langhaugane, Øygardsmyrane og gjere område meir komplett som tur og

rekreasjonsområde. Dette er basert på stikkord som lågterskeltilbod, eigenorganisert aktivitet og sosial berekraft.

Vassenden sentrum - målet må vere å skape eit trygt, inkluderande, heilskapeleg og funksjonelt sentrum, samstundes som vi tek vare på vår identitet og særpreg. Samanhengande sykkelveg til Førde i sør og Svidalen i aust.

Forventningar til kommunen! Vi har forventningar til oss sjølve om å få til noko. Så ynskjer vi tilgang til dei faglege og menneskelege resursane i administrasjonen og det politiske miljø.

Samla blir vi dynamitt

## Kommuneplanen sin arealdel

**Plansjef Odd Harry Strømsli** presenterte prosessen fram til og innhaldet i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Han snakka om kommuneplansystemet og arealstrategien med 12 punkt som er grunnleggande for KPA.

Plan legg opp til folketalsvekst og berekraftig utvikling. Viktige tema i planen er plassering av nye bustadformål. Offentleg og privat tenesteyting, handel og næring. Omsyn til natur, kultur og fulldyrka jord. Korleis skal denne planen følgje opp samfunnsdelen og bidra til å nå FN sine berekraftsmål.

Vi har ikkje fått plass til alt i denne planen, men den skal rullerast og då kan vi vurdere nye innspel.

Det har vore stort engasjement og det kom mange innspel frå Vassenden ved oppstart av planen. Alle forslaga har vore vurdert og «sila» etter kriteria fastsett av formannskapet. Det som kom gjennom «sila» er konsekvensvurdert (KU) og risiko og sårbarheisvurdert (ROS). Plankart og føresegner er juridisk bindande.

Alle kan kome med merknader til planen innan **fristen 28. februar.**

Skjema til merknad finn de her:

<https://skjema.onacos.no/sunnfjord/prod/dialogue/SUN0065/?arkivsak=23/65>

Sjå heile presentasjonen i vedlegget.

**Spørsmål Magnus Hope:** bekymra for skule og oppveksande slekt si kroppsvekt. Vassenden treng ein idrettsplass. Naustdal har idrettsplass ved skulen. Kor skal idrettsplassen for Vassenden vere?

**Spørsmål Hilde Hegrenes, Vassenden skule:** Haugen er viktig for frileik til dei minste ungene. Veksande friidrettsmiljø. Behov for både idrettsbane med løpebane. Parkering ikkje med i KPA.

**Spørsmål Geir Støfring:** Aktivt forhold til landbruk for det produserast mat.

Sentrumsutvikling kring Vassenden er viktig, men ein friluftsliv og landbruk saman kan gje litt utfordringar. Korridor til e39 er plassert.

<p><b>Svar OHS:</b> Beste arealet til landbruk er lagt inn som kjerneområde landbruk og beskytta ved ei omsynsone.</p>
<p><b>Spørsmål Sverre Gjesdal:</b> utfordrande med parkering kring kyrkja mm. Nye eigar av Øygardsmyra ønskjer næringsaktivitet. Han har gjort innspel. Kjekt å sjå at det ikkje berre er folk med lite hår på hovudet her i kveld ☐</p>
<p><b>Spørsmål (bror til Alf Støfring)</b> Det er eit arealet som ligg inne som næring i eksisterande reguleringsplan ved Jølstraholmen. Kvifor er ikkje dette med vidare? <b>Svar OHS:</b> Det er utfordringar med krysset til E39. Truleg har dette arealet ikkje kome gjennom silingsprosessen.</p>
<p><b>Spørsmål Alf Støfring:</b> Støylane er ver forsiktig med bandlegging. Bandlegging av vegetasjon langs vassdraga. Må ikkje vere so strengt, for områda mellom veg og vassdrag er ofte so smale slik at det kan hindre at dei vert drifta og brukt. Søkelys på enda fleire eldrebustader. Ikkje røyr Lona. <b>Svar OHS:</b> lyst til å legge til rette for variert bustadtilbod. <b>Svar Leif Gabriel Kapstad:</b> Grev ut allereie kroksjø, vil vere flaumdempande. Elles er det grodd mykje att, men ein del av området.</p>
<p><b>Spørsmål:</b> Korleis går det med etablering av Smiehogen og Årsethbakkane <b>Svar OHS:</b> Strenge krav til kryssa og løysingane. Fleire entreprenørar og tomteselskapet er inne. Prøver å finne ei løysing no</p>
<p><b>Spørsmål Vigdis Tonning:</b> Sambruk mellom kyrkja skulane og idrettsplassen. Liten ved med ei grind. Glad for fokus på skule og det er oppveksande slekt. Behov for meir gravareal, bør kome inn no. <b>var OHS:</b> ved å bygge tryggare veg</p>
<p><b>Spørsmål:</b> Korleis fungerer det med Samfunnsdelen rullerast kvart fjerde år. Ikkje uvanleg at også delar som ein ønskjer å prioritere. Medverknad og dialog då også.</p>
<p><b>Spørsmål Geir Støfring:</b> Jølster suksess med LNF spreidd. Sandalen døme med god aktivitet og busetting. Kultur for å busette seg der. <b>Svar OHS.</b> Kva er LNF spreidd? LNF spreidd .Inntil 4 bueningar utan søknad om dispensasjon</p>
<p><b>Spørsmål ??:</b> Sandalen har blitt eit LNF spreidd. Kvifor er det blitt avgrensa? <b>Svar OHS.</b> Måtte gjere ei avgrensing. Det er føreteke ei konsekvensutgreiing og ros (risiko og sårbarheitsanalyse). Dersom ikkje den øvelsen blei gjort, ville dei einskilde måtte ha gjort denne jobben når dei søkte om byggeløyve. Det ligg også inne kva er behovet i planperioden.</p>
<p><b>Spørsmål Geir Støfring:</b> LNF spreidd næring. Tidlegare. Næringsklynge – er det drøfta med spreidd næring?</p>

**Svar OHS:** Det finnast på kartet. Vi er avhengige av innspel om slike ting. Vi tok ei ekstra runde med landbruket for å få inn meir,

**Spørsmål Elisabeth Tefre** spennande å sjå kva som skjer. Ting blir ikkje gjort fordi Statens vegvesen ikkje bygger / utbetrar vegane. Legge ny trase, er det samarbeid med andre myndigheiter.

**Andre Årdal leiar i Jølster forball.** Det var fint å få plass til hallen som det er masse aktivitet i. Problemstilling kring dette med trafikk. Veg opp til Gjesdalen, tryggleik til ungane – det er oppretta ei hjertesone. Kraftig underdimensjonert med parkeringsplassar i området. Forslag om å bruke dagens idrettsplass til parkering og lage ny idrettsbane vest for skulen.

**Svar OHS:** må ikkje vente på ny arealdel. Kan begynne med ein plan. Dersom planen er ei oppfølging av arealdel, kan lette på prosessane.

#### **Avslutning med Jenny Følling**

Møte med størst engasjement. Det er i Arealdelen lagt inn trase for E 39 ved Vassenden. (vidareført frå Jølster sin plan)

Nærmiljørådet gjr ein flott jobb. Ambisjon om å få til noko med coop tomta. Det kjem nye bustader på Jølster hotell. Astrup- visningsenter er i utvikling. Sjå på om det skal vere ein arkitektkonkurranse. Stort prosjekt med restaurering av hagen og husa.